

Landsorganisasjonen
STOPP rasing av Kysten!



Statsministerens kontor
v/ statsminister Jens Stoltenberg
Postboks 8001, Dep
0030 OSLO

www.vernkysten.no



adresse : 6040 Vigra

Kopi : Olje og Energiminister Odd Roger Enoksen
Miljøvernminister Helen Bjørnøy
Kommunalminister Åslaug Haga
SFT, ved Håvard Holm
NVE , ved Agnar Aas
Direktoratet for Naturforvaltning
Statnett ved Odd Håkon Hoelsæter
Alle fylkeskommuner i landet
NTB, NRK, TV2

21.3.2006

STORE KONFLIKTER MED VINDKRAFT-PARKAR

Landsorganisasjonen Stopp rasing av kysten, har med stor undring registrert at statsministeren denne veka har auka målsetninga med vindkraft i Norge til 10 % av el-produksjonen. - Dette er eit svært radikalt mål, som vi ikkje trur er verken realistisk eller fornuftig.

Vi i Stopp rasing av kysten ser grunn til å påpeike nokre av dei store problema knytta til utbygging av vindkraftparker i Norge. Vi ser fleire gjennomgåande problemområder som må rettast opp, og er engstelege for ei planlaus utbygging av vindkraft i Norge før det vert ein nasjonal plan med detaljerte retningslinjer .

Vi ser at andre land har kome mykje lenger i å legge begrensingar på korleis slike parkar kan etablerast. Vi forstår ikkje kvifor Norge skal behandle dette meir lemfeldig enn det dei for eksempel gjer i Danmark. Dansk vindkraftindustri, og den danske foreninga ”Naboer til vindmøller”, uttrykte i eit felles intervju på NRK at ” *no må ikkje vi i Norge gjere dei same feil som det som har vore gjort i Danmark* ” . – Her er det altså grunn til å trå særdeles varsomt fram, ikkje med det hastverksarbeidet vi har sett siste året.

Vi vil her spesielt sette fokus på desse problemområda:

Nærheit til eksisterande bebyggelse

Vi må ikkje gløyme at ca 80 % av den norske befolkninga (velgarane ..) bur i kystnære strøk, og derfor vert sterkt berørte av dei planlagde utbyggingane. Kysten vår er også heilt vesentleg for turisme og eit aktivt næringsliv. Interessene til desse næringane er no truga av dei planlagde vindkraftutbyggingane. Næringslivsleiarar legg no lok på planlagde investeringar, og førebur *utflytting frå områder som vert råka av vindkraftutbyggingar*. Lokalsamfunn står dermed i fare for å forvitre.

I Danmark har dei bevisst unngått å plassere vindmøller på sine "høgdedrag", dei har plassert dei så lavt i terrenget som muleg og i små konsentrasjonar.

Vindmøllene på dansk landjord skal gradvis demonterast, og innan 2025 skal dei vere redusert frå 7500 til 500. Dei flyttar i praksis møllene langt til havs.

Kvifor er det ikkje slik her i Norge ? Er den norske kystbefolkninga, og den norske kystnaturen mindre verdt enn den danske ?

Kvifor har då Unesco utpeikt norske kystområder som verneverdige, men ingen i Danmark ?

Den forsiktighet vi har registrert i Danmark, er i Norge erstatta med kynisk valdtekt av uberørt natur, med argument som at " det er meir vind på fjell-toppene ". Ja , mykje vil ha meir, men dette handlar ikkje berre om å produsere meir straum, - vi skal bu og leve også .

Støy og anna forureining

Vindmøller lagar mykje støy, langt over 100 dB faktisk.

Men den varierer mykje med belastning / vindstyrke. Enkelte av oss trur vist at så lenge vingane på ei vindmølle går rundt, ja – så produserer den straum. Dette er nokså langt frå sanninga. Er det lite vind, kan vingane godt rotere, men produsert energi kan vere minimal, nesten null, og støyen også minimal.

Vi veit at delegasjonar av kommunepolitikarar har vore på synfaring til vindparken på Smøla, og kome tilbake med den konklusjonen at "støy ikkje er noko problem". Når ein så spør dei om det var noko vind då dei var der, var svaret : " Nei det var nesten ikkje vind, og enkelte av vindmøllene stod faktisk stille ".

Smøla, med vindkraftforkjempar Iver Nordset i spissen, ser vel ingen grunn til å gjere dei besøkjande kjende med desse enkle samanhengane. For dei fleste nordmenn er vindkraftverk noko heilt nytt som vi absolutt ikkje har eigne erfaringar med, og då er det lett for at lokalpolitikarar vert vill-leia , og dermed tek sine beslutningar på eit feilaktig grunnlag.

Og om ein les årsrapporten 2005 frå NVE om vindkraftproduksjonen i landet, ser ein at vindkraftverka står stille i lange perioder av året. Då genererer dei verken energi eller støy. Men det er altså ikkje alle som har forstått dette enkle faktum.

SFT har ansvaret for støyforureininga frå vindkraftverk. Dei har faktisk oppjustert grensene for kva som er akseptabel støy frå vindkraftverk dei siste åra, noko som forundrar både oss, og fagfolk innanfor støy .

Vi finn det uakseptabelt at dei *anbefalte* grensene er sett så høge som dei er no, opp til 50 dB A, og at dette skal vere basert på ein årsmiddelverdi. At det ikkje er sett momentangrenser og at det heller ikkje er sett grenser for lavfrekvent lyd og infralyd, dB C, synest vi også er påfallande, då vi veit at lavfrekvent lyd er eit utbreidd problem knytta til store vindkraftverk. Det verkar på oss som at SFT har lagt seg heilt flat for vindkraftindustrien, i ei tid då vi elles i samfunnet ser ein sterkt aukande fokus på støyreducerande tiltak.

Det er ikkje godt nok med anbefalte retningslinjer slik SFT legg opp til. Vi må ha krav på eksakte grenser, og at desse vert fulgt opp. Erfaringane med SFT si handteringa av dette tilseier det motsatte, dessverre - Ref. Lindesnes Vindpark.

Den norske kysten har i dag kvalitetar som stillheit og ro i stor grad, og dette er ein viktig del av den livskvalitet folket på kysten kan ause av. Vi trur at dette er ei viktig forutsetning for busetnad og vitalitet i næringslivet på kysten.

SFT og NVE må ikkje med sitt regelverk og iver etter å overgå Stortinget sine eigne mål for vindkraft (Stm 29), få omgjort kysten til eit samanhengande industriområde.

Andre forurensande / sjenerande sider må også vektleggast sterkare.

Vindmøllene har vist seg svært sårbare for havari og ulykker, noko som kan gi utslepp av hydraulikk-olje, branntilløp, og at lause deler flyg gjennom lufta og skaper utryggheit for dei som måtte bu i nærleiken. Som eksempel kan nemnast at av Hydro sine 16 møller her i landet, har 14 av desse hatt alvorlege driftsproblem, der hovedkomponentar som gearkasse er skifta ut. Eit slikt havari gjer at ei vindmølle er ulønsam dei neste 7 åra. Dette eksempelet er eit av ei rekkje som illustrerer at dette er teknologi som ikkje passar på norske-kysten.

Visuelle forhold

Det meste av den norske kystnaturen skil seg radikalt frå for eksempel dansk og tysk kystnatur. Det er derfor ikkje samanliknbart å plassere ein vindmøllepark på 3-4 møller som det har vore vanleg maksimal konsentrasjon – i det flate danske landskapet, kontra det å plassere 100 tals vindmøller i fjøra eller på fjell / øylandskap på Vestlandet og i Nord-Norge. Vindmøllene vil her virke langt meir dominerande enn i Danmark, og synlege over eit langt større område.



Fritt fram i Norge ?

Dette bildet illustrerer Norsk Hydro sine planar for Haugshornet Vindpark på Sunnmøre, sentralt plassert på 400 meter høge fjell midt mellom Stadt og Runde . I denne regionen bur det ca 25000 menneske som vert meir eller mindre berørte.

I forgrunnen bygda Gjerdsvika, ei aktiv næringsbygd med mange arbeidsplassar innan fiskematproduksjon, shipping og

maritim teknologi. - Fleire bedrifter og enkeltpersonar gir uttrykk for at dei vil flytte om prosjektet vert realisert. Då er det kroken på døra for butikk, post, skule, barnehage etc.

Innvirkning på dyr og fugleliv

Det er ikkje berre menneska som har busett seg langs kysten. Her er det også viktige hekkeplassar for fugl, samt at dette er trekkruta for store mengder fugl som trekkjer langs kysten fleire gongar i året. Trekkrutene går i stor grad akkurat der det no er planlagt vindkraftparkar. Vi veit at fuglar og vindmøller ikkje går godt saman. Fleire trua artar vil forsvinne frå kysten om den vert utbygd med vindmøller i kystnære strøk.

Dette problemet kan minimaliserast om vindkraftverka i staden vert plasserte langt til havs på flytande konstruksjonar, slik m.a. Hydro og Swire jobbar med. Dette konseptet har også fått sterk støtte frå vindkraftindustrien sjølv, m.a. det norske selskapet Hexagon som produserer karbonfiber til vindmøller. Direktør Knut Flakk seier at den pågåande utbygginga av vindmøller i fjøresteinane og der folk bur, bør stansast, og at framtida ligg i flytande vindkraftverk langt til havs. Og dette stemmer også med det danskane gjer sjølve.

Kjøp av politisk aksept

Vi har i aukande grad sett at utbyggerane lokkar kommunepolitikarar med økonomisk kompensasjon for å få politisk aksept for sine utbyggingsplanar. Dei peikar på at prosjektet vil gi x antall sjukeheimplassar og barnehageplassar. At andre vil lide økonomiske tap som følge av verdiforringelsar på sine eigedomar, er absolutt ikkje nemnt.

Er det slik vi no skal finansiere kommune-Norge i framtida, at den som betalar best skal få retten til å innføre nye forvaltningsprinsipp av norsk natur og naturressursar ?

Det er for oss eit paradoks når myndighetene på den ein fjellknausen krev totalfreding og oppretting av Naturreservat der folk i perioder ikkje kan ferdast, medan Norsk Hydro lokkar med millionar for å få lov til å rasere nabofjellrekka 1-2 kilometer derifrå.

Ei slik form for forvaltning av norsk natur må nødvendigvis også skape presidens for kva som er akseptable menneskeskapte inngrep i urørd norsk natur. Kva med for eksempel hyttebygging i områder som no kan "kjøpast" av norske og ikkje minst utanlandske investorar til vindkraftutbygging ? Er det moralsk rett å tillate desse fritt spelrom, medan folk flest som eventuelt vil bygge ei miljøtilpassa hytte i tilsvarande område, skal verte nekta ? Eller skal det verte eit spørsmål om kor mykje ein vil betale inn til kommunepolitikarane ?

For oss minner dette om korrupsjon. Denne delen av vindmølledebatten er sterkt knytta til kommuneforvaltning også, og vi ber kommunalministeren om hennar syn på dette.

Samla innvirkning av vindkraftparkar

NVE som konsesjonsmyndigheit har så langt sett opp alt for romslege krav om utgreiing til utbyggerane av vindkraftparkar. Det er ikkje tilfredsstillande når dei for eksempel seier det er godt nok å utgreie konsekvensane ved bygging av 3 MW vindmøller for ein vindkraftpark som er omsøkt med vindmøller på inntil 8 MWs vindmøller. Også krava som vert stilt til visualisering er alt for dårlege, noko som går igjen i alle prosjekt vi har sett. Det må lagast realistiske videopresentasjonar av dei roterande vingane, slik det etterkvart vart gjort ved Høgskulen i Ålesund for Havgul-prosjektet. Heller ikkje på dette prosjektet hadde NVE stilt krav om slik realistisk visualisering, men etter at lokalbefolkninga tok eit eige initiativ om å få gjort dette for eigne midlar, kom også Havgul og Tafjord Kraft på bana, og laga sin eigen levande presentasjon i Skipssimulatoren ved Høgskulen. Først då folk fekk sjå desse realistiske levande visualiseringane, forstod dei kva dette prosjektet faktisk dreia seg om.

Lokalbefolkninga vert rett og slett forsøkt ført bak lyset, på grunn av denne slakke haldninga frå NVE.

DN og RA ser på innvirkning på natur og kultur, ikkje menneskelege konsekvensar, SFT vil tydelegvis ikkje stikke kjeppar i hjula for ein politisk korrekt industri. Konesjonssøkarane produserer sine eigne konsekvensutgreiingar, eller "kjøper desse frå uavhengige konsulentar". Finst det slike i eit kommersielt marked ?

Lokalbefolkninga vert ofte ikkje spurt til råds i utgreiingsprosessen, eller vert ikkje vektlagde.

Dei samfunnsmessige konsekvensane vert ikkje godt nok utgreia, slik det er i dag.

Vi forventar no at regjeringa strammar opp dette, slik at vi kan få ei forsvarleg handtering av slike saker i framtida.

- Inntil ein nasjonal plan for vindkraft er laga, må det ikkje gjevast nye vindkraftkonesjonar i Norge. Vi aksepterer IKKJE ei unnskyldning om at dette er for arbeidskrevjande.

Når det gjeld den energitekniske sida ved vindkraft, er det etter vårt syn brei semje om at det har ei minimal betydning for energisituasjonen i Norge. Vindkraft er upåliteleg, dyr og altså svært konfliktfyllt på grunn av sin naturøyeleggande effekt. Politikarane må no konsentrere seg om bygging av gasskraftverk og andre konkurransedyktige grønne energikilder, som bio, minivasskraft, opprusting av eksisterande vasskraft, geotermisk varme, enøk etc.


Vi krev at vi vert høyringsinstans i saker som har med vindkraftutbygging å gjere, samt i energipolitiske spørsmål. Det er også på høg tid at vi får ei ny energilov her i landet som kan legge ein dempar på markedskreftene sitt frie spel i energipolitikken.

Vi krev også å få eit møte med regjeringa i denne saka så snart som råd, før de legg fram dei nye rambetingelsane for vindkraft her i landet. Vi vil foreslå at i det minste energiministeren og miljøvernministeren kjem til Ålesund og møter oss . Dei vil då få høve til å sjå litt av konsekvensane med den politikken som de legg opp til, m.a. ved å sjå den levande visualiseringa som no er tilgjengeleg på Høgskulen .

Om regjeringa trår feil i denne saka, vil det få uante konsekvensar for landet vårt, og for neste valg, trur vi.

Med venleg helsing

Landsorganisasjonen
STOPP rasering av Kysten



Toril Molnes
styreleiar

mobil 98085955



Hallvard Slettevoll
nestleiar